

Arkivsak
25/00061-2
Saksbehandler
Marianne Lundeberg



Saksgang
Tokke kontrollutval

Møtedato
13.03.2025

Erklæring om at revisor er uavhengig - forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll 2025 - Tokke kommune

Innstilling fra sekretariatet

Dokumenta «Skriftleg eigenvurdering» i samband med erklæring om revisor er uavhengig - oppdragsansvarleg forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll blir teken til etterretning.

Bakgrunn

Oppdragsansvarleg revisor skal kvart år, og elles ved behov, gje ei skriftleg eigenvurdering av at dei er uavhengig til kontrollutvalet, jf. Kontrollutvalgs- og revisjonsforskriften § 19.

Revisor skal vera uavhengig og ha god vandel, jf. kommuneloven § 24-4. Nærare krav til at revisor er uavhengig og at dei har god vandel følgjer av forskrift om kontrollutvalg og revisjon §§ 16-19. Desse krava gjeld for alle som utfører revisjon for kommunar og fylkeskommunar, både rekneskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll. Dette gjeld både oppdragsansvarleg revisor, medarbeidarar og eventuelt andre som er engasjerte på oppdraget.

Saksopplysninger

Vestfold og Telemark revisjon IKS har eit kvalitetsstyringssystem i samsvar med internasjonal standard for kvalitetsstyring i revisjonsføretak (ISQM1). Kvalitetsstyringssystemet inneber at dei gjer årlege risikovurderingar og har oppdaterte retningslinjer og rutinar for å vareta krava til at revisor er uavhengig, etterlev etiske krav, faglege standardar og krav i gjeldande lovgiving og anna regulering. Som ein del av kvalitetsstyringssystemet har revisor rutinar for å følgja opp og sikra at revisjonsteamet er uavhengig.

Dokumenta «Skriftleg eigenvurdering» i samband med erklæring om at revisor er uavhengige - oppdragsansvarleg forvaltningsrevisjon for Bente Hegg Ljøsterød, Kirsti Torbjørnson og Anne Hagen Stridsklev blir lagd fram i saka i sin heilskap, som vedlegg i saka.

Sekretariatets vurdering

Kontrollutvalssekretariatet meiner det ikkje er noko i dei vedlagde vurderingane som tilseier at Kirsti Torbjørnson, Anne Hagen Stridsklev eller Bente Hegg Ljøsterød ikkje skal vera i stand til å utføra revisjonsarbeidet på ein objektiv og forsvarleg måte.

Sekretariatet legg fram forslag om at dokumenta «Skriftleg eigenvurdering» blir tekne til etterretning.

Vedlegg:

- Skriftleg_eigenvurdering_AHS
- Skriftleg_eigenvurdering_BHL
- Skriftleg_eigenvurdering_KT